

A photograph of two young women in an apple orchard. The woman on the right is smiling broadly and holding a red and yellow apple. The woman on the left is looking towards her. The orchard is filled with green leaves and red apples. The text 'Fruktbygda 2015' is overlaid in the upper left, and 'Gvarv Telemark' is overlaid in the lower left.

Fruktbygda
2015

Gvarv
Telemark

Ei gjestfri fruktbygd. Kom og smak!

Du kjenner dufta frå blømande frukttre om våren. Og angen av mogen frukt og bær om hausten. Besøk verdas nordlegaste vingard, smak Noregs beste eplemost, besøk ølbryggeriet, nyt dufta frå gardsbakeria. Opplev spennande kunst. Kombiner gjerne med fisking, bading og padling i fjellfriskt vatn, sykling og vandring. Gå på sjølvplukk i skogar og hagar eller finn sesongens frukt og bær i gardsbutikkane. Kom nær jorda, kjenn roa og nyt livet. Og bli med på Norsk Eplefest 26. september 2015. Vi som er presentert i brosjyra har danna eit samverkeforetak for saman å kunne tilby det beste Fruktbygda har å by på. Velkomen!

- Stad: Gvarv og kommunane i Midt Telemark, sesong
- 500 000 frukttre i bløming: mai, sesong
- Bringebær, rips, moreller, kirsebær, blåbær: Ca midten av juli – august, sesong
- Plommer og eple, stort utval: august – oktober, sesong



- Noregs beste eplemost: Pallplasseringar til produsentane i Fruktbygda kvart år. Kvar eplesort har sin karakter – du får eit stort utval i Fruktbygda.

The fruit village Gvarv is situated close to Lake Norsjø and the Telemark Canal. Meet our friendly farmers that will greet you with prize winning apple juice made from sunkissed apples. Visit the world's northernmost vineyard or our local microbrewery. Take a swim or go fishing, rent a kayak, canoe or bicycle and experience the wonderful surroundings and the sweet smell from the orchards.

Høgdepunkt i 2015

20. - 25. januar

Fruktbygda drar til Grüne Woche i Berlin, verdens største mat- og landbruksmesse for å presentere Fruktbygda. Utvald av Innovasjon Norge. Møt oss der

18. april

Utstillingsopning på Evju bygdetun: Vandrande symbol i folkedraktene. Utstillinga står fram til hausten

23. - 26. april

Norsjø kammermusikkfest. Musikk på akustiske arenaer i Fruktbygda

25. mai

Pilegrimsvandring i blomstringa, i kulturlandskapet mellom middelalderkyrkjene Bø og Nes. Vikingskipet Åsa skipar folk frå Årnes brygge til Odden brygge før vandrainga

4. - 19. juli

Sommarutstilling på Galleri Nyhuus kvar dag kl 12-18. Grete Skoe og Anne Valen Næss. Gallerikafé



4. - 26. juli

Sommarutstilling på Lerkekåsa Vingård og Galleri kvar dag 12 - 18. Gallerikafe

5. - 6. august

Kartfestivalen. Noregs einaste økologiske rockefestival i vakre Farstadparken i Gvarv sentrum

11. - 14. august

Telemarkfestivalen. Internasjonal folke-musikkfestival i Bø

22. august

Open gard med aktivitetsgard på Evju
Bygdetun

19. september - 4. oktober

Haututstilling på Galleri Nyhuus:
Tor Olav Foss og Elisabeth de Lunde.
Lerkekåsa Vingård og Galleri,
fredag - søndag 12 - 18

25. september

Natt i paradys, nattope kl 12 - 24,
Galleri Nyhuus: kunstutstilling med dikt-
opplesing kvar time frå kl 18.
Lerkekåsa Vingård og Galleri kl 12 - 24,
kunstutstilling, vinsmaking og kveldsmat




26. september
Norsk Eplefest

14. november - 6. desember
Juleutstilling på Galleri Nyhuus,
fredag - søndag kl 12 - 18. Gheorghe
Murarasu, Kjell E. Midtun med fleire

13. - 15. november
Julemessa på Evju bygdetun

Med atterhald om endringar





1 Evju bygdetun – opplevingsgard med tradisjonsrikt Telemarkstun

Juni-oktober og grupper etter avtale heile året

Ei nasjonalromantisk perle med sanselege opplevingar, levande dyr, ekte matkultur og folkekunst. Utstillingar av folkedrakter med måleri og eventyrteikningar frå Gvarv av Erik Werenskiold. Rosemåla stoger og utstilling av stasknivar og folkemusikkinstrument. Interessegrupper som broderikafe, dansarring, ungdoms og kurs i bunadsaum.

Kreativ matlaging med råvarer frå garden etter årstidene. Opplevingar for skuleklasser, grupper og bedrifter i eldhuset med steinovn

og røykeri. Utleige av lokaler til fest. Servering og kulturformidling til grupper heile året.

Sommarope kvar dag kl 12 - 17 frå 24. juni - 2. august 2015. Ope for grupper heile året etter avtale. Servering av mat basert på råvarer frå garden og Fruktbygda.

Take part in the daily life of a traditional Telemark farm. This museum offers home made food, exhibitions and the chance to see animals and buildings with typical architecture from Telemark.

Sætrevegen 44, 3810 Gvarv
tlf. 35 95 57 08, 932 09 355
post@evjutunet.no, www.evjutunet.no

Suigard Dyrud driv allsidig produksjon med frukt, bær, birøkt, skog og korn.

Gardsutsalet er oppe i bærsesongen frå om lag 10. juli til 15. august etter sesong. Sal av bringebær, moreller og rips, ferdigplukka og sjølvplukk. Honning frå våre gode hjelparar, biene. Skilt ved vegen når gardsutsalet er oppe.

Pick your own berries and enjoy the wonderful gardens at the farm



Suigard Dyrud 2 Gardsutsal og sjølvplukk

Juli-august

Hørtevegen 273, 3810 Gvarv

tlf. 900 93 394

k-roheim@online.no 





Kåsingrenda 56, 3810 Gvarv
tlf. 913 81 510

post@lerkekasa.no

 www.lerkekasa.no



3 Lerkekåsa Vingård og Galleri Verdas nordlegaste vingard med overnatting, servering og galleri

Mai-oktober og grupper etter avtale

Vertskapet presenterer eit unikt smakseventyr av lokale vinsortar i kombinasjon med overnatting i særeigne rom. Opplev overnatting i ei 100 år gammel eiketønne, ei innbydande tømmerstove med skigardsseng eller eit trivelig raudmalt bestemorshus. Nyt kortreist mat

og ureist vin laga av alle fruktbygdas råvarer – druer, eple, plommer, ville bær og hagebær.

Kunstgalleri og gallerikafe i låven med sommarutstilling frå 4. - 26. juli, kvar dag kl 12 - 18. Haustutstilling: 19. september - 4. oktober, fredag - søndag 12 - 18

Experience the worlds northernmost vineyard, taste local food and wine and stay overnight in romantic beds in a huge 7600 litre oak barrel or a timber log house.

Odelsjenta Ingeborg og mannen hennar Eivin overtok Lindheim i 2013. Det unge paret er tredje generasjon fruktbønder på garden. I september 2013 blei Lindheim også ein ølgard. Produserar amerikansk- og belgiskinspirert øl, med og utan frukt. Bryggeriet og fruktgarden ligg midt i Fruktbygda Gvarv.

I fruktsesongen frå 20. juli - 20. oktober
Onsdag - søndag kl. 12 - 18,

Utanom fruktsesongen
Torsdag kl. 12 - 16, Fredag kl. 16 - 19




Lindheim Ølkompani og Lindheim Frukt Gardsbutikk med frukt, bær, eplesaft og øl

Juli-oktober og grupper
etter avtale



4

*Farmers fruit store with fruit, berries,
apple juice and beer. Micro brewery inspired by
American and Belgian traditions.*

Tinghaugvegen 101, 3810 Gvarv
www.olkompani.no, post@olkompani.no
tlf. 976 94 476, 911 45 980 

5 Galleri Nyhuus og Nyhuus Gard – kunst i eit fruktbart miljø

Tre kunstutstillingar, gardsbutikk heile året



Eplesafta frå Nyhuus har vunne prisar fleire år på rad under kåringa av Noregs beste eplemost. Vertskapet på Nyhuus Gard kallar seg livsstilsbønder med eplesaft i årene. På garden finn du både nyare og eldre eple-sortar, og plommer. I gardsbutikken får du kjøpt frukt, eplemost, syltetøy, saft, gele og honning med meir. Open kvar dag kl 8 - 20.

Galleri Nyhuus stiller ut anerkjende kunstnarar i eit tradisjonsrikt gardsmiljø på solsida av fruktlandskapet. Gallerikafe.

- Sommarutstilling, 4. - 19. juli, kvar dag kl 12-18. Grete Skoe og Anne Valen Næss
- Haustutstilling, 19. sept. - 4 okt., fredag - søndag kl 12-18. Elisabeth de Lunde og Tor Olav Foss
- Juleutstilling, 14. nov. - 6. des., fredag - søndag kl 12-18. Gheorghe Murarasu, Kjell E. Midtun med fleire


Taste a range of the best Norwegian apple juice. You will find a rich selection of apples and plums throughout the season.


Nyhusvegen 9, 3810 Gvarv, tlf. 404 04 787
www.gallerinyhuus.no, www.nyhuusgard.no

 post@gallerinyhuus.no



Anne Valen
Næss



Nyhusvegen 7, 3810 Gvarv
tlf. Kjetil: 951 74 938
Tone: 908 28 138
gislerud.nyhus@live.no
 knyhus@online.no

*Pick your own berries
and apples.*



Fruktgarden Nyhus 6 Sjølvpukk, hageguding, bikubekikking, kurs

Juli-oktober

Her kan du oppleve fruktdyrking og stå for di eiga innhausting. Sesongen startar om lag siste veka i juli og varar normalt til oktober, med ein variasjon av søte bringebær, rips og eple. Sal av eksklusiv fruktblomsthonning og eplemost. Ring for avtale om sjølvpukk i tidsrommet juli til oktober etter sesong, tys-

dag, onsdag, torsdag kl 16 -18 og laurdag -sundag kl 12-18.

Grupper kan bestille kurs i planting av frukttrær og bærbusker, demonstrasjon av beskjæring og få hageguding og være med på bikubekikking.

Aktiv i Fruktbygda



Det frodige fruktlandskapet innbyr til aktiviteter. Du kan gå på sjølvplukk, leige sykkel, kajakk eller kano, spele golf, stå på wakeboard, bade, fiske og vandre.





Camping with bird watching tower, fishing possibilities, canoes, kayaks and bikes for hire.

Sal av is, brus, og nysteikte baguetter kvar morgon. Gratis internett, kano og kajakk for gjester. Gapahuk med bål plass ved vatnet. 6 utleiehytter med flott utsikt, bobilplassar ved stranda. God utsikt frå terrassene, som egner seg godt til telting.


Flott turterreng, sykle- og padleruter ut i fra campingen.

Språk: Dagleg leiar snakker engelsk, tysk, frisisk, nederlandsk og norsk.

Resepsjonen er betjent frå 1. juni – 1. sept. kl. 09 – 12, 14 – 21

Lystang Camping 7 – med fuglekikketårn, fiske, båt- og sykkelutleige

Heilårsopen

Sauheradvegen 1344, Holtsås,
3683 Notodden, tlf. +47 905 63 261
www.lystang.no, info@lystang.no 

8 M/S Telemarken Den flottaste turen på Telemarkskanalen – med 10 sluser!

Juni - august



Køyr bilen til Akkerhaugen, parker ved Norsjø hotell. Kjøp billetter i resepsjonen på hotellet, eller på turistkontoret på Ulefoss.



Alternativ 1:

Ta bussen til Lunde kl. 12.25

Derfra går MS Telemarken kl. 13.45

Ankomst Akkerhaugen kl. 17.00

Alternativ 2:

Ta båten fra Akkerhaugen kl. 09.45

Ankomst Lunde kl. 13.30

Korresponderende buss tilbake til Akkerhaugen

Ankomst Akkerhaugen ca kl. 14.30

Då har du fått med deg det beste av Telemarkskanalen!

Nordagutuvegen 81, 3812 Akkerhaugen

tlf. 35 95 50 00, fax 35 95 50 01

post@norsjohotell.no, www.norsjohotell.no



www.telemarksbaatene.no

Hotellet i Fruktbygda. Balkong med utsyn over Norsjø og frukthagane. Hotellet er kjent for god mat og tilbyr si eiga eplesaft laga av eple frå eigen hage.

Sykkelruter og padlemoglegheitar rett ved hotellet, og kort veg til vakre Patmos skulpturpark der det er fint å bade. Ta gjerne ein tur til naboen Norsjø Ferieland med eit av verdas beste wakeboardanlegg. Gangavstand til kaia der M/S Telemarken legg til på veg til og frå Telemarkskanalen.

Hotel with an astonishing view over Lake Norsjø and the orchards. Open year round.



Norsjø Hotell med utsyn over Norsjø og fruktlandskapet

9

Heilårsope



Nordagutuvegen 81, 3812 Akkerhaugen
tlf. 35 95 50 00, fax 35 95 50 01
post@norsjohotell.no
www.norsjohotell.no 



10 Aarnes Kafeteria God heimelaga mat laga med omtanke for gjestene

365 dagar i året

Alle rettane blir laga frå botnen av på tradisjonelt vis, samstundes som Aarnes kafeteria er opne for nye trendar og matvanar. Med flott utsikt over Norsjø og frukthagane som omkrinsar bygda kan du nyte ekte smak i eit velstelt kulturlandskap.

Til maten kan du få eplemost i verdensklasse frå Frukthagane 365 dagar i året.



Januar - 14. juni/
24 august - desember
Mandag - fredag 07 - 20,
laurdag 07 - 19, søndag 07-20

15. juni – 23. august
Mandag - fredag 07 - 21
laurdag 07 - 20
søndag 07-21

Tasty and traditional home made food from Norway.

Strannavegen 302, 3810 Gvarv
tlf. 35 95 57 33, post@aarneskafeteria.no

 www.aarneskafeteria.no



A great place to stop to buy products from local farmers. Fruit, berries, honey, meat, fish and pasteries.

Strannaveien 90, 3810 Gvarv

 tlf. 913 54 243, 906 08 546

Gvarv Frukt og Bær Gardsbutikk med eit rikt utval av lokalproduserte varer

11

Juli - oktober



Steinomnsbakeri med rykande fersk heimebakt. Sitjeplassar ute der du kan nyte ein kaffekopp servert frå bakeriet. Gjennom sesongen finn du ein variasjon av frukt, bær, grønssaker, saft, gelear, honning, kjøtt, fisk og bakevarer. Delikatesser for einkvar smak. Natursåpe og drops.

1. - 31. juli kl 10 - 20

1. august - 25. oktober kl 10 -18



12 Taxibussen

Heile året

Ein flott, ny Mercedes med 16 sitjeplassar og tilrettelagt for rullestol.

Deilige skinnseter og blid sjåfør med lokalkunnskap. Frukthøgda sine eigen transport. Tar også oppdrag til og frå flyplass eller andre langturar.

Local transportation at your order, wheel chair accessible. 16 persons.

tlf. 404 05 001



Fruktbygda feirar innhaustinga med den nasjonale eplefesten!

Opplev song, musikk, epledans, handel og folkeliv og skaff deg haustens forsyningar av frukt og grønsaker. Smaksopplevingar med mat, frukt og godsaker. Her finn du også andre varer av høg kvalitet, og det er leik, moro og aktiviteter for borna.

Tildeling av Årets Gulleple, avduking av Årets Epletavle og utstilling med Årets Eplefestkunstnar. Eplevandring frå Nes kyrkje gjennom fruktlandskapet til Gvarv.

tlf. 913 48 216, post@eplefest.no



www.eplefest.no

Norsk Eplefest 10 år! Folkefest for alle frå 0 -100 år i Gvarv sentrum

13

Laurdag 26. september kl 10 - 17



Norwegian apple festival celebrating the harvest with song, dance, music and local food.



Attraksjonar – avstand frå/ distances from Gvarv sentrum



Telemarkskanalen

5 km, kaia ved Norsjø Hotell

Patmos skulpturpark

5 km, ved innkøyringa til Norsjø Ferieland

Fuglekikketårnet i Årnesbukta

2 km, rett ved Aarnes kafeteria

Fuglekikketårnet på Lystang camping

14 km

Bø Sommarland

11 km

Høyt og lavt klatrepark, Bø

12 km

Sjøormen Selma

Køyr til Seljordsvatnet og ta deg eit bad (25 km) eller finn Sjøormtårnet like før Seljord sentrum (37 km) der du kan speide etter Selma.

Notodden Bok og Blueshus med eige blueseum og Telemarksgalleriet

29 km

Heddal stavkyrkje/Heddal stavechurch

35 km

Nes kyrkje

4 km

Gaustatoppen

88 km

Hardangervidda

120 km, Skinnarbu i Vinje kommune

Takk

Prosjektet er finansiert av

- Innovasjon Norge
- Fylkesmannen i Telemark
- Telemark fylkeskommune
- Sauherad kommune
- Telemarkskanalen regionalpark.

Medlemene i Fruktbygda SA takkar for støtta som er med på å gjera det mogleg å tilby dei flotte opplevingane som er presentert i brosjyra.

Kontakt

www.fruktbygda.no

www.midt-telemark.com



Foto: Live Skinnnes, Mona Beate Kasin, Oskar Svalastog,
Norsjø golfpark, Jørn Steen, Wakeboard VM,
Halvor Holtskog,



TELEMARK